

Hellelykkja

Av Knut Raastad, 2017



Hellelykkja gnr. 69 bnr. 5 ligg i Nordherad mellom Helle og Resvoll.

Aaste Hansdotter Helle f.1747/48 død 1814 vart 1780 gift med Ole Olsen Holen f. 1752/53 død etter 1814, dei vart husmenn i Hellelykkja under Helle. Aaste var dotter til Hans Hansen Helle (frå Valde n.) 1721-1780 og Ingeborg Christensdotter Fellese 1726-1774. Ole Holen fekk bygsel på Hellelykkja i 1780, kontrakta vart tinglyst i 1784. Ole og Aaste hadde 3 barn:

Imbjør f.ca.1781

Ole f.ca.1788 d.1875, neste brukar

Hans f.ca.1792 d.1858, g.m. Ingeborg Knutsdtr. Kaggerud f.ca.1789 d.1877, på Ulsanden n. treskjærar «Ulsandsnikkaren»

Ole Olsen Helleløkken f.ca.1788 d.1875, vart 1809 gift med Anne Olsdotter f.ca.1786 d.1855. Dei hadde 6 barn:

Hans 1815-1899, g.1841 m. Kari Pålsdtr. Kveen 1818-1913, på Haug.

Ingeborg 1818-1882, g.1857 m. Peder Andersen Ellingsbøeie 1818-1901, på Bergehaugen

Knut 1821-1893, neste brukar

Ola 1821-1894, g.m. Marit Knutsdtr. Lyngved 1825-1909. Dei budde i Hellelykkja og hadde 3 barn:

Knut 1849-1929 seinare Vole i Lom

Guri f.ca.1852 g.1874 m. Lars Larsen Kvehaugen f.1844

Anne 1859-1955

Erik 1825-1825

Erik d.y. 1828-1904, treskjæraren

Knut Olsen Helleløkken 1821-1893 var gift med Anne Andersdotter Ellingsbøeie / Lysåker 1823-1919, dei hadde 5 barn:

Mari 1846-1899, g.m. Isak Iversen Brekken f.1839

Ragnhild 1851-1883, g.1876 m. Syver Tordsen Vistekleiven m. 1842-1900

Ole 1855-1952, g.m. Else Hansdtr. Kulbotten (Sel) 1873-1948, til Nesset

Anne 1859-1933, neste brukar

Pål f.1870

Anne 1859-1933 vart i 1887 gift med. Hans Olsen Ødegården 1862-1939, dei kom seinare til Runningen ovanfor Øy som dei kjøpte i 1913. Anne og Hans hadde 8 barn:

Anton 1886-1971, g.m. Marit Knutsdtr. Storviksøygarden 1898-1972

Marit 1888-1985, ugift

Kari 1889-1947, g.m. Hans Syversen Ryen 1888-1980, på Rydland

Ragnhild 1892-1979, ugift

Karen 1894-1954, g.m. John Nilsen Bergheim (Marstein n i Lom) 1885-1953

Pål 1896-1988, g.m. Sigrid Sveum 1905-1972, i Fjellvang

Ola 1898-1987, ugift

Knut 1900-1901

Ola Byre kjøpte i 1908 Hellelykkja Pål O Helle. Ola Olsen Byre f.ca.1858 d.1939 kom frå Einstulen og frå 1880-åra til han kom til Hellelykkja var han på Sør-Byre i Garmo. Ola vart 1881 gift med Sigrid Olsdtr. Grasdalen 1860-1906, dei hadde 11 barn:

Guri f.1881, g.m. Mathias Hansson f.ca.1884 på Storviksøygarden. Til USA.

Ola 1883-1883

Ola 1884-1960, g.1909 m. Rønnaug Olsdtr. Øvre Byrkvea 1890-1957

Ole f.1886, neste brukar

Eli f.1888, til Amerika 1911

Kari f.1891, g.1910 m. Kristian Pedersson Nyhågå (Ringeby) f.ca.1887. Til USA.

Ivar 1893-1983, g.m. Inga Hovde 1903-1997, i Byre

Rønnaug 1896-1975, i Grasdalen

Anna f.1898, g.m. Karl Follinglo (Ringsaker)

Ragnhild f.1902

Gustad 1905-1906

Ola 1858-1939 vart gift på nytt i 1909 med Gunnhild Simensdotter Bjørgen 1872-1948. Dei hadde 2 barn:

Gustav

Ragnhild f.1915, seinare brukar

Ole Olsen Byre f.1886 overtok etter faren i 1938. I 1953 overtok halvsystema Ragnhild f.1915. Ho vart 1947 gift med Ragnar Grøslund (Modum) 1917-1951 son til Kristoffer Grøslund og Johanne Svendsen. Ragnhild og Ragnar hadde 3 barn:

Ola f.1947, neste eigar

Kolbjørn f.1948, g.m. Gro Brodin

Johanne f.1950, g.m. Nils Risa

Ola Grøslund f.1947 overtok i 1980, han vart 1973 gift med Anne Holden (Vestre Slidre) f.1947 dotter til Knut Wangensten Holden og Karoline Follinglo. Ola og Anne har 2 barn:

Ragnar f.1973

Kari f.1977

I 1865 var det i Hellelykkja 1 hestar, 7 kyr, 12 sauer og 7 geit. Det vart sådd 1 ½ tønne bygg og 2 ½ tønne poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle, Helleløkken- og Resvoldrekken

Norske Gardsbruk 1953-1997

Folketelling 1865, 1900

Panteregister

Opplandarkivet Vågå: avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1